

# Å skrive ein tekst

## Invitasjon til kurs i tekstskriving med Good Time Charlie

*Bluesbandet Good Time Charlie (GTC) kjem hausten 2018 på besøk til ei rekkje ungdomsskular i Sogn og Fjordane med konserten «Frå New Orleans til Vestlandet». På konserten vil elevane få høyre låtar frå GTC sitt repertoar, både med engelsk tekst og på nynorsk dialekt. Den kulturelle skulesekken ynskjer med dette å invitere ungdomsskuleelevar med på eit kreativt forprosjekt som del av denne konserten. Føremålet er å inspirere elevane til å skrive eigne norske tekstar som kanskje også kan verte framført som ein del av konserten når GTC kjem til dykkar skule.*

### 1 Bakgrunn for prosjektet

Musikkscena i Noreg er full av talentfulle tekstforfattarar som skriv på norsk. Dei siste åra har det skjedd ei gledeleg utvikling i høve det å skrive på sitt eige språk og dialekt, og fleire og fleire har oppdaga verdien av dette. Cezinando, Gabrielle, Daniel Kvammen, Izabell, Lars Vaular, Sondre Justad og Kjartan Lauritzen er artistar som skriv gode tekstar på norsk. Likevel er det å skrive tekstar noko som kan vere litt uvant for mange. Fleire burde prøve, for det er veldig mange musikalske historier vi ikkje har høyrte enno!

### 2 Undervisningsopplegget

Musikarane ynskjer å vise kva som har inspirert bandet til å skrive tekstar og lage musikk, slik at dette kan inspirere fleire til tekstskriving. Opplegget vil gå føre seg over to skuletimar og vil i hovudsak dreie seg om desse fire punkta:

- Idémyldring
- Å kome i gong
- Rytme/rim
- Form

I den fyrste timen vil GTC kome med konkrete tips og oppgåver som vi håpar fører fram til tekstar som kan brukast. Musikarane vil også snakke generelt om tekstskriving, inspirasjon og teknikkar ein kan bruke for å komme i gong. I den andre timen blir elevane delt opp i grupper som skal arbeide vidare med og utvikle eigne tekstidear. Musikarane frå GTC vil hjelpe til i prosessen og kome med gode råd undervegs. Elevane kan arbeide individuelt eller i små grupper. Eller kanskje alle jobbar på ein fellestekst? Eller ein kan få til både fleire vers og refreng? Her kan alt skje om ein har rette innstillinga!

Eit viktig mål med dette prosjektet er å gje elevane innsikt i korleis tekst og musikk gjensidig påverkar kvarandre og kan få ein tekst til å fungere endå betre. GTC spelar Rhythm & Blues, noko som gjer at elevane får høve til å møte denne sjangeren, noko som er eit læreplanmål i musikkfaget:

*Som eit allmenndannande kunstfag skal musikkfaget gje elevane grunnlag for å kunne oppleve, reflektere over, forstå og ta del i musikalske uttrykk. Som eit skapande fag skal musikkfaget gje grunnlag for utvikling av kreativitet og skapande evner slik at elevane vert i stand til å skape musikalske uttrykk ut i frå eigne føresetnader.*

På kurset vert det høve til å teste ut ord med musikk i eit fengande og rytmisk musikalsk landskap! Prøving, feiling og leiting etter eige uttrykk er kan ein også gjerne seinare for seg sjølv, gjerne utan hjelp frå lærarar eller andre vaksne! I fylkeskommunen sine kulturplanar er nynorsk eit satsingsområde, noko som vi også ynskjer skal speglast i tilbodet i Den kulturelle skulesekken.

### **3 Kva skjer vidare?**

GTC vil vurdere dei innkomne tekstane og vel ut ein som dei lagar melodi på og framfører på konserten når dei kjem tilbake til skulen. Tekstane kan leverast inn i etterkant av kurset, eller sendast inn i etterkant på e-post til [gtcbluesband@gmail.com](mailto:gtcbluesband@gmail.com)

### **4 Kven passar dette for?**

Vi ynskjer at skulen vel ut ei klasse eller maksimalt 20-25 elevar frå fleire klasser som er interesserte i å skrive eigne tekstar eller som ynskjer å lære seg meir om dette. Vi ynskjer likevel å nemne at det ikkje alltid er dei som er «flinkast» i td. norsk som skriv dei beste tekstane. Påmelding (helst før sommarferien) på e-post til [oyvind.lyslo@sfj.no](mailto:oyvind.lyslo@sfj.no)

*«Me ve hamra, dengja og slao.*

*Me ve hamra, dengja og slao.*

*Ooooo, me ve jobba ute, la oss jobba ute!*

*So slepp oss ut i verda dao!»*

(Elevtekst Kaupanger skule)

### **5 Om Good Time Charlie**

Good Time Charlie er eit R&B/blues-band frå Førde og Bergen, starta i 1982 av vokalist og munnspejar Arle Hjelmeland. Bandet har hatt ei rekkje ulike besetningar med Hjelmeland som den einaste som har vore med heilt frå starten. Dagens besetning har spelt saman sidan 2010. Bandet har gitt ut totalt 11 album. Dei er blitt nominert til Spellemannprisen i klassen blues i 2008 for albumet *Mojo Energy* og i 2017 for albumet *Ready to Rumble*. I tillegg til eigne utgjevingar og konsertar har GTC vore nytta som backingband for internasjonale bluesartister som Hubert Sumlin, Lowell Fulson, James Cotton, Pinetop Perkins, Jimmy Dawkins og Louisiana Red. GTC har lenge vore aktive med å spre «blå» musikk til et yngre publikum gjennom konsertprogram som td. Jubelblues, og i 2013 gav dei ut ei bluesbasert barneplate på dialekt - *Draumeblues og blåsus*. I 2015 kom det andre albumet retta mot eit yngre publikum - *Jubel og skrubbsår*. Til begge desse albuma vart det også gjeve ut eit songhefte.

Good Time Charlie er:

**Arle Hjelmeland** - vokal og munnspejar

**Steinar Karlsen** - gitar

**Einar Olsson** - trommer

**Morten Skage** - bass

*Sjå også informasjon om skulekonsertprogrammet her:*

<http://skulesekken.no/produksjon/1068598>